



VINDAFJORD
KOMMUNE

Planprogram - Områdeplan for Skjold
Endeleg behandling i Formannskapet
24.03.26 Versjon 4

Planprogram - Områdeplan for Skjold



Innhald

Innhald	2
Bakgrunn	3
Sentrum og trafikkavvikling i Skjold	4
Del 1 Kva vil me oppnå med planen	5
Innleiing.....	5
Mål for planarbeidet	6
Hovudmål 1: Tettstaden Skjold skal opplevast god og trygg å bu i og besøka.....	6
Hovudmål 2: Tettstaden skal bindast saman av trygge og gode vegar og stiar	6
Hovudmål 3: Me skal bygge eit sterkt sentrum	6
Hovudmål 4: I Skjold skal me kunne vere aktive heile livet	7
Hovudmål 5: Tettstaden skal ha ein berekraftig utvikling	7
Hovudmål i kommuneplanen	7
Del 2 Rammer for planarbeidet	7
Nasjonale og regionale føringar	7
Kommunale føringar	8
Reguleringsplanar i området:.....	9
Andre kommunale føringar:.....	9
Særskilte forhold, rammevilkår og planavgrensing.....	9
Visjonen.....	9
Operasjonell plan og planavgrensing	10
Skildring av planområdet	12
Tettstaden	12
Planområdet.....	13
Tilgjenge og barrierar	13
Turbygda	15
Landskap	15
Blågrøne rom og strukturar.....	17
Natur	18
Kulturminne og -miljø	18
Naboskap og sosial infrastruktur	20
Eigarforhold.....	20
Del 3 Korleis skal me løyse oppgåva	21
Plan for utgreiingar	22




Utgreiingar knytt til dei ulike hovudmåla til områdeplanen	22
Utgreiingar i samsvar med konsekvensutgreiingsforskrifta	23
Risiko og sårbarheitsanalyse	25
Organisering, planprosess og framdriftsplan	26
Organisering av arbeidet.....	26
Framdriftsplan.....	26
Medverknad og kommunikasjon	26
Medverknad tidleg fase	27
Medverknad vidare	28
Planprogrammet i kort versjon	28

Bakgrunn

Det skal utarbeidast planprogram for reguleringsplanar som kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn, jf. plan- og bygningslova § 4-1. Planprogrammet inngår som eit ledd i varsling av planoppstart, og skal danne grunnlaget for planarbeidet og avklare rammer, mål og utfordringar. Det skal gjerast greie for føremål med planarbeidet, planprosessar, opplegg for medverknad, behov for utgreiingar med meir.


I 2025 (SSB 04317: Grunnkretsenes befolkning (G), 2025) var det 1698 innbyggjarar i heile grunnkretsen Skjold (962 i tettstaden. SSB 2024). Veksten i bygda har vore størst etter 2020. Dei siste 5 åra er veksten i personar klart størst i Skjold samanlikna med dei andre bygdene i kommunen. **Befolkningsveksten i seg sjølv gjer det viktig å ha gode visjonar og oppdatert planverk.**



Ein større reguleringsplan for Skjold sentrum blei vedtatt i 1989 (Reguleringsplan for Isvik-Skjoldavik (sentr. plan). Mykje er bygd ut etter denne planen, men mykje av utviklinga har også skjedd utanom føringane i planen. Dette gjeld særleg etter at europavegen blei regulert på nytt og bygd ferdig i 2015. Karta under viser til venstre reguleringsplan for Isvik-Skjoldavik (sentr. plan) frå 1989, og til høgre restane av denne planen som er gjeldande i dag. I desse restane er det mykje som er uaktuelt



eller ikkje mogleg å realisere, særleg knytt til infrastruktur. **Manglar i planverket er i seg sjølv ei viktig årsak til å sette i gong arbeidet med ein områdeplan for Skjold.**



Sentrum og trafikkavvikling i Skjold

I 2008 ble reguleringsplanen for omlegging av E134 Skjoldavik-Solheim vedtatt (Endring vedtatt 14.06.2011).

Gjennom planprosessen var det semje om at ny E 134 gjennom Skjold og dei påfølgjande endringane for biltrafikken i lokalområdet ganske sannsynleg vil føra til meir trafikk gjennom Skjoldavik. Planen blei vedteken utan at spesifikke tiltak blei innført, då det vart vurdert at riktige tiltak først kunne settast inn når ein fekk erfare trafikksituasjonen etter opning av ny E 134. Tiltaka ville ha konsekvensar m.a. for butikken som var i Skjoldavik og annan naudsynt intern kommunikasjon i bygda.

Sjølv om det nå har gått 10 år sidan opning av E 134 har det ikkje lukkast å komme fram til dei riktige tiltaka for interntrafikken i Skjold. **Behovet for gode og endelege løysingar for interntrafikken for alle trafikantgrupper er den viktigaste årsaka til å sette i gong arbeidet med ein områdeplan.**



Frå at sentrum/samlingspunktet i bygda på 1800- talet var i Skjoldavik og ved kyrkja har sentrum både vokse vestover til Illsvik, men også området ved Vikaneset blei eit betydeleg samlingspunkt etter at kommunale funksjonar som barnehage, skule, bu- og behandlingssenter og andre sosiale tenester blei bygd der.

I arbeidet med førre revisjon av kommuneplanen kom det særleg fram at det var vanskeleg å få til ei god tettstadsutvikling, med tanke på lokalisering av sentrum og ulik næringsetablering i Skjold. Sentrumsanalysen (2020) inneheld historisk utvikling av sentrums- og næringsområde i Skjold, samt ei vurdering av framtidige behov for næring- og sentrumsareal og lokalisering av desse. Analysen konkluderte med forslag til sentrumsutstrekning som illustrert på bilete under. **Behov for vidare arbeid med lokalisering og utvikling av sentrum i Skjold er ei viktig årsak til å sette i gong med arbeidet med områdeplan.**



Del 1 Kva vil me oppnå med planen

Innleiing

Med bakgrunn i sterk vekst i befolkninga siste 5 år, behovet for oppdatert planverk, gode løysingar for all intern trafikk i tettstaden og eit avklart sentrumsområde med potensiale for utvikling, ønskjer me både ein strategisk plan med gode målsettingar og visjonar for Skjold, men også ein operasjonell plan som har gode og konkrete løysingar.

Me ønskjer å svare på spørsmåla:

*Korleis kan ein områdeplan sikre ein heilskapleg plan for infrastruktur og det offentlege rom?
Korleis kan planen samtidig skape eigarskap og entusiasme for ein berekraftig utvikling av bustad og*



sentrum?

Og til slutt, korleis kan me sikre at planen blir gjennomført?

Områdeplanen kan og skal ikkje løyse alle utfordringane i Skjold, men gjennom gode prioriteringar sikre at me får dekt dei viktigaste behova.

Mål for planarbeidet

Dei overordna målsettingane for planen kjem frå kommuneplanen. Dei er noko omarbeide for Skjold, men kjem frå hovudmåla sett opp i underkapitlet *Hovudmål i kommuneplanen*.

Desse hovudmåla tar me med oss inn arbeidet og vil vere sentrale føringar i arbeidet med områdeplanen. Hovudmåla og nye delmål og strategiar for særskilte kvalitetar og problemstillingar skal vidareutviklast i fellesskap med grunneigarar, innbyggjarar, næringsliv og andre grupper som har interesse i den framtidige utviklinga av Skjold i den vidare planprosessen.

Hovudmål 1: Tettstaden Skjold skal opplevast god og trygg å bu i og besøka

- Legga til rette for at arbeidspendlarar og innvandrarakar buset seg i kommunen
- Støtta opp om eit godt kultur- og aktivitetstilbod i samarbeid med andre
- Bidra til gode sosiale møteplassar og stimulera til nettverk for aktivitet
- Sikra viktige og utvalde kulturminne gjennom arealforvaltning og samarbeid med private grunneigarar og kulturmyndigheit
- Arbeida for at alle vassførekomstar skal ha god økologisk og god kjemisk tilstand i samsvar med planar for vassforvaltning
- Naturbaserte løysingar av overvasshandtering

Hovudmål 2: Tettstaden skal bindast saman av trygge og gode vegar og stiar

- Minska talet på personbiltransportar og få større del av den samla transporten over på sykkel, gange og kollektiv
- Legga til rette for eit samanhengande vegnett for mjuke trafikantar
- Prioritera trafikkisikring for mjuke trafikantar i ein avstand på 4 km frå skule og sentrum
- Prioritera mjuke trafikantar gjennom Skjoldavik.
- Ta barn og unge med på råd
- Dimensjonera eksisterande og ny kommunal infrastruktur for klimaendringane

Hovudmål 3: Me skal bygge eit sterkt sentrum

- Arbeidar for å styrka bygdene sine kvalitetar og støtta opp om bygdeutviklingsprosjekt / stadsutviklingsprosjekt og gjennom å bygge vidare på sentrumsanalysen for Skjold som blei utarbeida i 2020.
- Fremmar gode bumiljø og sentrumsområde og leggja til rette for møteplassar, uterom, leikeplassar og gangvegar/snarvegar
- Har aktiv bruk av grendeutvala i saker som har allmenn interesse for bygda og saker som vedkjem utvikling av sentrumsfunksjonar
- Setta av areal til sentrumsformål eller kombinerte formål for å styrka bygdesentra
- Skjold skal utviklast med sterke sentrums kvalitetar med tilstrekkeleg areal til sentrumsformål
- Fortetta og ha effektiv arealutnytting i og nær tettstadane/i bygdesentra, og her skal utbygging i hovudsak skje gjennom reguleringsplan. Bygga innanfrå og ut



Hovudmål 4: I Skjold skal me kunne vere aktive heile livet

- Samarbeida med frivillige om sosiale tilbod/møteplassar og tiltak som fremmar fysisk aktivitet
- Sentrumsområde og bustadområde skal ha natur og turtilbod i gangavstand, særleg i strandsona då både sentrumsområde og bustadområde ligg tett på strandsona.
- Viktige friluftslivsområde skal tas vare på
- Legge til rette for sosiale møteplassar i samarbeid med frivillige
- Arbeida offensivt for friluftsliv og fortsette å sette Skjold på kartet som ei turbygd.

Hovudmål 5: Tettstaden skal ha ein berekraftig utvikling

- Samarbeida med næringsforeiningar og stimulera til etablering av næringsklynger (samlokalisering) og nettverk for små og store verksemdar og bidra til utvikling av gründermiljø
- Rett verksemd på rett stad
- Ta vare på kulturminne og kulturmiljø for å bevare vår eigenart, og som ein ressurs for reiseliv og næringsutvikling
- Kommunen skal balansera mellom å ta vare på natur, dyrka og dyrkbar jord og friluftsområde, og behovet for areal til samferdsel, næringsliv og attraktive bustadområde
- Gi mindre næringsaktørar utviklingsmoglegheiter lokalt

Hovudmål i kommuneplanen

Hovudmål
18. Lokalsamfunna skal opplevast gode å bu i og å besøka
4. Utvikla trygge og robuste lokalsamfunn
19. Ha trygge vegar, gode kollektivtilbod og god digital kommunikasjon
16. Bygga sterke sentrum i lokalsamfunna og utvikla ølen til eit samlande kommunesenter
9. Aktiv heile livet
12. Berekraftig næringsutvikling

Del 2 Rammer for planarbeidet

Dette kapittelet skildrar nokre av overordna føringar og rammeverk som vil gjelde for planarbeidet. Områdeplanen skal ivareta dei nasjonale, regionale og kommunale føringane som til ein kvar tid gjeld for utvikling av området.

Nasjonale og regionale føringar

[Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging \(2023–2027\)](#)

- Samordning og samarbeid i planlegginga



- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstryggleik og beredskap

[Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet \(2025\)](#)

- Særleg gjeld kap. 5 for Skjold
 - 5. Retningslinjer for regioner med mindre tettsteder og spredtbygde strøk (gjelder kommuner i kategori 2 i vedlegget)

[Statlege planretningslinjer for klima og energi \(2025\)](#)

[Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging \(2019\)](#)

[Utviklingsplan for Rogaland 2025-2028](#)

[Regionalplan for areal og transport på haugelandet \(2017\)](#)

- Regional plan for areal og transport på Haugalandet skal leggje til rette for vekst og utvikling, og bidra til at Haugalandet blir ein attraktiv region for både innbyggjarar og næringsliv. Regionalplanen skal styrkje by-, tettstads- og grendesenter i heile regionen. Mål 3 skal sikre levande og velfungerande tettstad- og grendesentre.

[Samferdselsstrategi for Rogaland 2022-2033](#)

[Handlingsprogram for samferdsel 2025–2032](#)

[Handlingsplan for trafikksikkerhet 2024-2027](#)

[Regionalplan for kulturmiljø 2023 - 2035](#)

[Regionalplan for klimatilpasning i Rogaland 2020–2050](#)

[Regionalplan for vannforvaltning 2022-2027](#)

[Regionalplan for friluftsliv og naturforvaltning 2017-2024](#)

Kommunale føringar

[Kommuneplan 2024-2036 - Samfunnsdel med arealstrategiar](#)

Kommuneplan for Vindafjord kommune 2024-2036 med samfunnsdel med arealstrategiar blei vedtatt i kommunestyret 18.06.2024.

Sjå under mål og strategiar i kapitel 2 for å finne hovudmålsettingar, strategiar og arealstrategiar frå kommuneplanen som er særleg viktig.

[Kommuneplanen sin arealdel](#)

Kommuneplanen sin arealdel vart vedteken den 20.06.2017. Den er under revisjon og var til første gangs behandling i formannskapet 10.12.2024 (sak 087/24).

[Pågåande revisjon av arealdelen til kommuneplanen](#)

Arealdelen har vore på høyring. Det kom til saman 155 høyringssvar innan fristen. Det kom til saman 73 motsegner til planforslaget . Arbeidet med arealdelen vil pågå samtidig med oppstart av områdeplanen og forholda knytt til status her vil derfor endre seg. Planarbeidet i Skjold må sjå til dette arbeidet framover og det må avgjerast kva som skal løysast på dei ulike plannivåa.

[Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø \(2018\)](#)



Reguleringsplanar i området:

- [Reguleringsplan for Isvik Industriområde](#) (1998)
- [Detaljregulering for Isvik Brygge](#) (2022)
- [Reguleringsplan for Isvik boligfelt](#) (1971)
- [Reguleringsplan for Isvik sentrum sør](#) (2002)
- [Detaljregulering for Isvik Amfi, Skjold](#) (2021)
- [Reguleringsplan for Isvik-Skjoldavik](#) (sentr. plan) (1989)
- [Reguleringsplan for Isvik hageby I](#) (1971)
- [Reguleringsplan for Isvik Hageby II](#) (1982)
- [Reguleringsplan for Skjoldalid boligfelt](#) (1971)
- [Skjoldalid II](#) (2009)
- [Reguleringsplan for Vikaneset i Skjold](#) (2007)
- [Detaljplan for E-134 Skjoldavik-Solheim](#) (2011)
- [Detaljregulering for Vikaneset](#) (2012)

Andre kommunale føringar:

[Folkehelseoversikt 2020-2024](#)

[Bustadanalyse med sentrumsanalyse for Skjold](#) (2020)

[Friluftslivkartlegging i Vindafjord kommune](#) (2020)

Særskilte forhold, rammevilkår og planavgrensing

Ein områdeplan er ein type reguleringsplan (i samsvar med kap. 12 i plan- og bygningslova). Det primære føremålet er å gjere naudsynte områdeavklaringar. I likeheit med kommuneplanen sin arealdel og kommunedelplanar er dette kommunen sin plan. Den utarbeidast i hovudsak av kommunen, men kan utarbeidast av anna myndigheit eller private etter avtale med kommunen. Områdeplanen kan gi både meir overordna områdevisse avklaringar av arealbruken og innehalde detaljregulering på delar av områda. Områdeplanen kan sette krav om vidare detaljregulering og felles planlegging.

Områdeplanen for Skjold skal både vere strategisk og operasjonell. Det er viktig å finne og løfte fram dei viktige funksjonane i Skjold. Samtidig er det to hovudutfordringar som det er særskilt viktig å få på plass gode løysingar for; behovet for gode og endelege løysingar for interntrafikken for alle trafikantgrupper, og behovet for vidare arbeid med lokalisering og utvikling av sentrum i Skjold. Les meir om dette i kapittel 1, om bakgrunnen for planarbeidet.

Visjonen

I områdeplanen skal ein sjå nærare på og jobbe fram visjonen for Skjold, og finne gode målsettingar for å nå denne visjonen. Planprogrammet peikar allereie på nokre viktige funksjonar i Skjold som kan vere utgangspunktet for vidare arbeid.

Visjonen for Skjold bør derfor i særleg grad ivareta at områda som til saman dannar ein S på bilete under blir livskraftig og sterke kvar for seg, men at dei til saman kan binde saman og danne ein solid og handlekraftig tettstad for Skjold inn i framtida.



Operasjonell plan og planavgrensing


Intern trafikkavvikling og vidareutvikling av eit godt sentrum er to viktige utfordringar for Skjold, og dette har stått sentral i arbeidet med på å prioritere rammene for planområdet. Områdeplanen skal derfor ikkje vere ein plan for heile bygda Skjold, men søkje å løyse dei største utfordringane i dag.

Kva kan sikre at planen blir operasjonell, altså at planane lar seg gjennomføre og blir gjennomførte? Ein måte å gjere dette på, er å avklare ansvarsforhold og sikre at planen er konkret og tydeleg.

Det er eit offentleg ansvar å sikre planlegging av offentlege funksjonar. Dette gjeld blant anna val av framtidig standard for den offentlege vegen gjennom Skjoldavik og alternative løysingar. Krysset i Isvik ut på E -134, er utfordrande, og kommunen må gå i dialog med Rogaland fylkeskommune og Statens vegvesen for å få fram gode løysingar.

Det å få til ei god sentrumsutvikling og få på plass samanhengande løysingar for mjuke trafikantar både som skuleveg, arbeidsveg og turvegar, krev eit tett samarbeid mellom kommune, innbyggjarar, utbyggjarar, grunneigarar og grendeutval.

Bilete under viser dei viktigaste utfordringane, ansvarsforhold og ansvarsavgrensinga til områdeplanen. Planområdet er noko utvida i nord (vedtak i formannskapet 04.11.25) slik at bustadfelt og regulert bustadfelt nord for planområdet er teken med. Riktig plangrense framgår av varslingskart og i kapittel 3 om planområdet.



- Ny avlastningsveg ?
- Utbetringer kryss i Isvik ?
- Gang og sykkelveg manglar
- Gang og sykkelveg manglar, men er planlagt
- Turveg/tursti manglar
- Plangrense

Offentleg

- Utgreie avlastningsveg, utgreie kryss Isvik ->
 - Detaljregulere ved behov
 - Arbeide fram finansielle løysingar for bygging
- Avklare funksjon og utarbeide standard for veg/gate gjennom Skjoldavik
 - Detaljregulere løysing
 - Få på plass tiltak som sikrar gjennomføring av løysing
- Utgreie og detaljplanlegge gang- og sykkelvegtilbod til og frå skule

Samarbeid

- Utgreie sentrumsutvikling (kommune, grunneigarar, grendeutval)
 - Område/detaljregulere løysingar
- Samarbeid for å finne gode samanhengande løysingar for mjuke trafikantar
 - Dialog/forhandlingar med grunneigarar
 - Evt, område/detaljregulere løysingane

Bustad kan då utvikle seg på kvar side utanom områdeplanen med gode forbindingar



Skildring av planområdet

Mykje av skildringa av planområdet kjem frå [sentrumsanalysen frå Skjold](#) og det blir vist i sin heilheit til denne.


Tettstaden

Tettstaden Skjold ligg sørvest i Vindafjord kommune. Det tar ca. 20-25 minuttar enten du skal til kommunesenteret Ølen eller regionbyen Haugesund. I 2025 ((SSB 04317: Grunnkretsenes befolkning (G), 2025) var det 1698 innbyggjarar i heile grunnkretsen Skjold (962 i tettstaden. SSB 2024). Den raskare veksten i bygda har i hovudsak skjedd etter 2020.

Generelt i kommunen har busetnaden vakse fram ved sjøen og langs vegar. Dette gjeld og for Skjold. På 1800- talet strakk sentrumsområdet seg frå busetnaden ved sjøen langs riksvegen gjennom Skjoldavika til kyrkja.

Utviklinga viser at sentrumsområdet over tid har gått frå å liggja ved sjøen langs Skjoldavikvegen, til Isvik, som følgje av bustad- og næringsutvikling. I seinare tid ser ein samstundes at Vikanes med offentlege funksjonar og ei rekke nye bustader, står sterkt i bygda.

I dei seinare åra og med den raske veksten vender tettstaden seg like mykje vestover som austover mot kommunesenteret. Grendeutvalet seier at innbyggjarar i Skjold i stadig større grad vender seg utover mot Aksdal og Haugesund og drar sjeldnare inn til Ølen. Dei er opptatt av å ta vare på tilknytninga til Ølen, men ser at dei i likeheit med Aksdal også er ein forstad til Haugesund. Aksdal har hatt stor vekst dei siste åra og grendeutvalet spår at Skjold vil få tilsvarende vekst, særleg når Rogfast er ferdig.




[Skjold skule](#) er den største skulen i Vindafjord, ein kombinert barne- og ungdomsskule, som i tillegg også tar imot ungdomsskuleelevar frå Vats og Vikebygd. Bygda har sentralbaneanlegg, bygdahus og idrettshall, [Skjold Arena](#), lokalisert ved skulen. Her ligg også [Skjold barnehage](#), som er ein kommunal barnehage.



Planområdet

Planområdet er i hovudsak avgrensa mellom dei to store knutepunkta i tettstaden (markert med raude sirklar), Isvik med butikk, café og legekantor og Vikaneset med barnehage, skule og idrettsanlegg. Bustadveksten har dei siste åra skjedd på Vikaneset. Planområdet tar med seg det området som har dei største utfordringane med tanke på trafikkavvikling, med aktuell del av Skjoldvikvegen og området som kan vere aktuelt for ein avlastingsveg mellom Isvik og Vikaneset.



Tilgjenge og barrierar

Planområdet ligg strategisk plassert langs E-134 og er den første tettstaden besøkande kjem til frå vest når dei kjem til Vindafjord kommune. Når E 134 i 2015 blei lagt om og i tunnel, merkast mindre av gjennomgangstrafikken i bygda. Hovudvegen deler likevel framleis bygda i to og løysingane for interntrafikken etter omlegging av europavegen gir for mykje belastning på Skjoldvikvegen.

All interntrafikk kan løysast ved å køyre via E-134. Dette er vist med grøn strek i kartet under. Bustadfeltet i Isvik kan bruke denne når dei skal til barnehage, skule og idrettsarrangement og bustadfeltet på Vikaneset kan bruke denne når dei skal til sentrum og butikken i Isvik. Strekinga er ca 4.5 km lang, men tar ved testkøyring under eit minutt lenger tid enn ved å bruke den raude strekinga. Den raude linja via Skjoldvikvegen er ca 2 km lang og sjølv om den har låg fartsgrense og er ein smal veg gjennom eit historisk sentrum og bustadmiljø, blir dette opplevd dette som ein mykje kortare veg. Den oransje linja i kartet viser mogleg trase for ein avlastingsveg for den køyrande interntrafikken mellom Isvikhageby og Vikaneset. På denne vegen vil dei som bur på Vikaneset få 1.9 km til butikken på avlastingsvegen og dei som bur i Isvikfeltet vil få 1 km til barnehage, skule og idrettsanlegg. I kva grad avlastingsvegen vil gi ei betre løysing enn løysinga gjennom Skjoldvikvegen skal greiast ut i planarbeidet. Ein avlastingsveg er regulert i gjeldande reguleringsplan, men er ikkje i



samsvar med gjeldande regelverk og vil vere altfor bratt der den er planlagt i nordaust. Dei svarte linjene i kartet under viser brukte og moglege trasear for mjuke trafikantar.



Grøn linje viser korleis all køyrande intern trafikk kan løysast ved å bruke E134. Raud linje viser kor dei fleste køyrar internt i Skjold og Oransje linje viser mogleg avlastingsveg.

Dagens barrierar skal søkjast løyst i planarbeidet. Sjå i kap. 4- *plan for utgreingar* for korleis dette skal greiast ut i planarbeidet.

I 2019 ble det gjort ei trafikktejing med berekna årstdøgntrafikk(ÅDT) på 753 i Skjoldavikvegen. Arbeidet med trafikkanalyse og trafikkregistreringar i dette planarbeidet er allereie starta opp og registreringane av biltrafikken viser høg trafikk på Skjoldavikvegen. Registreringane er gjort med bruk av kameraløysingar og AI-baserte verktøy (GoodVision) med 5 målepunkt. Basert på tal bueningar og firma/målepunkt langs Skjoldavikvegen er det berekna at trafikken til og frå adresser i Skjoldavik gir ein årstdøgntrafikk (ÅDT) på ca. 300. Det er gjennom trafikkregistreringane berekna at ÅDT på vegen i dag er på 1100. Det betyr at heile 70% av trafikkmengda er gjennomgangstrafikk. Bilete under viser berekna ÅDT for alle vegane innanfor planområdet etter trafikkregistreringa.

Frå 2019 til i dag har det ut frå registreringane vore ein auke på gjennomgangstrafikken på over 70 % Det er behov for å finne varige gode tiltak som får ned biltrafikken i Skjoldavikvegen.






Turbygda

Vindafjord kommune er i ein turkommune med svært mange tilgjengelege turar og årleg "Ut på tur" - brosjyre. Turlaget i Skjold er eit av dei mest aktive turlaga i kommunen og Skjold har svært mange merka turar å tilby. "Skjold på tvers" er ein turmarsj som er kjent langt utover Skjold og kommunen. Turen går over 7-9 toppar på tvers av heile bygda med start ved Hodnafjellet og med mål ved Skjold arena (idrettsarena og kulturhus).

I tillegg til svært mange turar på haugar og fjell har tettstaden også mange nærturar. Bilete under viser grønstruktur og turstiar innafor planområdet til venstre. Til høgre er dei strekninga (i rosa) som er høgast prioritert med tanke på nye turstiar tett på sentrum. Etablering av desse ville gitt langt betre nettverk for gåande mellom knutepunkt og moglegheit for rundløyper.



Landskap

Landskapet i Skjold er variert, med fjell, skog og våte område. Det er eit ope landskap kring toppane, og du går gjennom planta granskog og lerkeskog på veg opp og ned. Skjold ligg ved Skjoldafjorden, ein arm av Boknafjorden.

Landskapet langs Skjoldafjorden er i NiN-kart (Artsdatabanken, u.å.) definert som «åpent fjordlandskap med bebygde område». Landareala elles nord i planområdet og rundt Skjoldfjorden er registrert som «middels kupert ås- og fjellandskap under skoggrensene». Landskapet på Vikaneset og vikene og nesa vest for planområdet er ein del av regionalt viktig landskap som saman med Ottertong (halvøy i Skjoldafjorden) er registrert som del av kystheilandskapet på Haugalandet.



Lys rosa farge definert som «åpent fjordlandskap med bebygde områder». Lys grønn farge er definert som «middels kupert ås- og fjellandskap under skoggrensene» og dei to brune områda er definert som kystheilandskapet på Haugalandet, regionalt viktig landskapsområde kjelde: Temakart Rogaland

Kommunekart i 3D under viser at busetnaden i Skjoldavik og sentrum ligg tett på fjorden lågt i terrenget, men terrenget stig relativt raskt opp mot åsane i bakgrunnen og mykje av busetnaden ligg høgare i terrenget.







Blågrøne rom og strukturar

I gjeldande reguleringsplanar er det regulert mykje grøntområde og fleire viktige blågrøne korridorar er med i kommuneplanen, sjå figur under til venstre. Områdeplanen må sjå desse i samanheng, korleis dei nyttast i dag og korleis planen kan sikre gode og attraktive strukturar for aktivitet og forvaltning.

Utdrag frå temakart Rogaland i figuren under til høgre viser at det er fleire viktige vassdrag i planområdet og at det er særst viktig at arbeidet med planen tek omsyn til at Skjoldafjorden har svært dårleg økologisk tilstand.



Markslagskartet under, viser at det er lite fulldyrka jord innanfor planområdet, men to myrområde og relativt mykje skog mellom dei bebygde områda.






Natur

Det er mykje flott nærnatur i Skjold som strekk seg opp mot jordbruksareal og åsar i bakkant av tettstaden. I Naturbase er det ikkje mange registreringar eller kartlegging som er gjort. I kartet frå Naturbase er det registrert eit lokalt viktig område på Vikaneset. Kartet viser også sannsyn for naturskog markert med grønne firkantar der mørkast grønt gir høgast sannsyn for. Kartet viser også to myrområde og nokre enkelt observasjonar.

Lokaliteten på Vikaneset og eit stykke austover blei kartlagd i 2009 (Eydis Dalen) og lenge før utviklinga av bustadfeltet på Vikaneset. Lokaliteten er merka med gult i kartet frå naturbase under og hadde mellom anna eit stort område med relativt gamal eikeskog. Her var det og edellauvskogsindikatorar, og eit område som tydeleg bar preg av ein gong å ha vore eit hageområde med mange uvanlege artar.

Sommaren 2025 er det gjort ei ny kartlegging i området, men området strekk seg lenger nord og aust og dei fleste funna er utanfor planområdet. Den austre delen har frisk rik edellauvskog, meanderande bekkedrag med tilhøyrande grov skog og ei rekke eikelokalitetar.

Sjå kapitel 4.1 for utgreiingar av tema knytt til naturmangfald og økosystemtenester.




Kulturminne og -miljø

Bilete frå [naturbase](#) viser at det er mange kulturminne og kulturmiljø innafor planområdet. I det historiske sentrum av bygda i Skjoldavik er det mellom 15-20 bygningar som er registrert i sefrakregisteret (Sekretariatet For Registrering Av Faste Kulturminne i Noreg). Bygningane med gule sefrakidentar på kartet under kjem ikkje automatisk inn under kulturminnelova. To av desse bygningane er frå 1800- talet og dei andre er frå første kvartal av 1900 - talet. Kulturmiljøet her vil bli eit viktig utgreiingstema i planen.











Dragseidet mellom Isvik og Haraldseidvågen (det blå på kartet) er også prioritert i kulturminneplanen.



Lensmannsgarden er både eit prioritert kulturminne og -miljø og ligg under omsynssone kulturmiljø i kommuneplanen. Middeldalderkyrkjegarden i Skjold og Ersland skule er også prioriterte kulturminne i kommunedelplanen. Like utanfor planområdet ligg også Skjold gamle prestegard som også er eit kommunalt prioritert kulturminne. For bygningane gjeld retningslinjene i [kommunedelplan for kulturminne og miljø](#) (side 21 -23).

I kommunedelplanen kan ein lese meir om dei andre prioriterte kulturminne og kulturmiljøa i Skjold.

 <p>Vindafjord Kommune Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø 2017 Prioriterte kulturminne og kulturmiljø</p> <p>Date: 18.12.18</p>	
<p>TEIKNFORKLARING</p> <p>Hovedkart</p> <ul style="list-style-type: none"> Prioriterte kulturminne og kulturmiljø Gamle ferdselveggar som er prioritert i planen Viser til områder med meir detaljerte kart <p>Detaljkart</p> <ul style="list-style-type: none"> Automatisk fredet kulturminne Omsynssone bevaring Prioriterte kulturminner og kulturmiljø <p>Kartet over prioriterte kulturminne og kulturmiljø er eit tillegg til arealdelen i kommuneplanen. Kartet syner dei kulturminneobjekta som Vindafjord kommune vil prioritere.</p> <p>Dei tilhørande utfyllande retningslinjer er forande for sakshandsaminga når det vert planlagt tiltak som vil medføre fjerning eller negativ påverknad på prioriterte kulturminne og kulturmiljø som er avmerka på dette kartet.</p>	



Naboskap og sosial infrastruktur

Planområdet ligg som tidlegare skildra mellom dei to viktigaste knutepunkta i tettstaden, sentrumsfunksjonane rundt Isvik og offentlege tenester som barnehage, skule og idrettsanlegg på Vikaneset.

Isvik og del av Skjoldavik

Området har stort potensiale knytt til etablering av publikumsretta funksjonar som café/restaurant, kontor og andre typar møteplassar. Ei slik utvikling ville gjere at ein kan dyrke kvalitetane Skjoldavik har med kort avstand til sjø, samstundes som Skjoldavikvegen kan vidareutviklast som ei tettstadgate med fokus på gåande og syklende, snarare enn køyrande. Ein kan nytta dei stadeigne kvalitetane og oppnå korte avstandar til dei flest moglege bustadar i tettstaden og utvikla eit område som er det historiske senteret på staden.

Vikaneset

På Vikaneset er det kommunale funksjonar som barnehage og skule, Nageltunet og andre sosiale tenester og idrettsanlegg i tillegg til eit større bustadfelt.

Skjold arena er både bygdehus og idrettsanlegg og det er stor aktivitet både inne og ute. Skjold har jamlege kino og årlege revyar og mange konsertar. Det er store idrettsarrangement i Skjold arena og turmarsjen Skjold på tvers har mål her. I båthamna tilknytt bustadfeltet på Vikaneset er det stupetårn og badstue. Veksten i innbyggartal dei siste åra har i all hovudsak skjedd på Vikaneset.

Områda rundt knutepunkta

Områda rundt knutepunkta og tett på planområdet er stort sett bustadområde, vest og nord for planområdet. Aust for planområdet er det jordbruksland, avkøyring frå europavegen og store drivhus.

Det er stort engasjement og folk trivast i bygda. Grendeutvalet har dei siste åra sett særleg fokus på tre viktige saker: Samanhengande turstiar tett på sentrum, trafikksikring og eit levande sentrum. Det er fleire møteplassar i bygda, men treng fleire av desse og å finne nye gode møteplassar.

Eigarforhold

Planområdet har mange eigedommar med mange ulike eigarar. Planområdet er stort og utgjer 1257 dekar.

Det er mange kommunale eigedommar i området markert med kartnåler i kartet under. Dei fleste av desse er knytt til offentleg infrastruktur, men også fleire område med offentlege tenester og grøntområde er kommunalt eigde.

Planområdet omfattar heit eller delvis eigedommane:

Gnr 166 bnr. 1-3, 6, 8, 10, 16, 24, 25, 27, 29, 32, 40, 42, 46, 54, 57, 60, 61, 64 -69, 82, 83, 88, 90, 92-100, 104, 106, 108-122, 124-142, 146- 150, 152-154, 156, 157, 160, 169, 170 171-195, 197- 206, 210, 212 - 238, 240, 246, 250, 252, 253, og 254.


Gnr 168 bnr 1, 1/9, 1/15, 1/23, 1/26, 1/28, 1/29, 1/31, 1/32, 1/33, 1/34, 1/35, 1/37, 1/38, 1/39, 1/40, 1/41, 1/42, 1/43, 1/44, 1/48, 1/49, 1/51, 2, 6- 10, 12, 15- 18, 21, 22, 23, 25, 26, 29, 30, 33, 34, 35, 38, 40, 41, 43, 44, 45, 46, 48, 50, 51, 53- 59, 61, 63, 65, 66, 67, 68, 71, 73, 74, 79, 80, 81, 84, 85, 86, 90,



92-96, 98, 100, 101, 102, 103, 104, 105, 106, 108, 110-133, 136, 139-148, 150-163, 165- 175, 177-179, 181-211, 213-215, 219, 220, 222-226

Gnr 169 bnr 1, 2, 3, 5, 5/1, 5/2, 7, 9, 13, 15, 25, 31, 34, 35, 36, 38, 39, 39/0/2, 39/0/3, 42- 80, 82, 82/0/1, 82/0/2, 83, 83/0/1, 83/0/2, 84, 84/0/1, 84/0/2, 85-104, 104/0/1, 104/0/2, 105-116, 116/0/1, 116/0/2, 117- 122, 126, 128, 129

Gnr 170 bnr 2, 3, 11, 20, 33, 34, 37-43



Del 3 Korleis skal me løyse oppgåva

Dei overordna målsettingane for områdeplanen kjem frå kommuneplanen. Me skal bygge eit sterkt sentrum og lokalsamfunnet skal opplevast godt å bu i og besøka. Her skal ein kunne vere aktive heile livet, og ha ei berekraftig utvikling og trygge og gode vegar og stiar.

Målsettingane gjev retning og føringar for utgreingar og planarbeid og viser særskilte kvalitetar og problemstillingar skal arbeidast vidare med framover.

Ved å sjå målsettingane i samanheng med kunnskap om området kjem ein fram til korleis planarbeidet skal løysast. Det er allereie gjennomført ein bustadanalyse, ein sentrumsanalyse, og det er også sett i gong ein trafikkanalyse. Trafikkanalysen skal og vurdere ein mogleg avlastingsveg. Det er og sett i gang prosess for ny barnetrakkregistrering. Dette kapittelet skildrar utgreiingsbehov.



Plan for utgreiingar

Dette kapittelet skildrar kva for plantema som skal undersøkast og utgreiast i det vidare planarbeidet. Utgreiingane skal, saman med innspel frå regional myndigheit, grunneigarar, innbyggjarar og ulike interessegrupper, danne grunnlag for plangrep som blir tilrådd.

I det påfølgjande blir det skildra kva tema som skal utgreiast i førebuingane og planskildringa, og kva tema som skal inkluderast i sjølve konsekvensutgreiinga (KU). Aktuelle utgreiingstema for konsekvensutgreiinga er sorterte under dei temaa som er føresett utgreidde i KU-pliktige planar i forskrifta om konsekvensutgreiingar. Utgreiingsbehov som ikkje inngår i KU skal utgreiast som ein del av planprosessen, anten i eigen rapport eller i planskildringa. I tillegg skal relevante sårbarheits- og risikoforhold analyserast i ei samla risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS).

Utgreiingar knytt til dei ulike hovudmåla til områdeplanen

Me skal bygge eit sterkt sentrum

For å bygge eit sterkt sentrum må det offentlege, bygda og næringsaktørar samarbeide. Planen må kartleggje kva for område me har i dag og kva for område som saman med eksisterande kan sikre eit livskraftig og sterkt sentrum. Planarbeidet må stimulere til etablering av næringsklynger og nettverk for at små og mellomstore næringsaktørar får utviklingsmoglegheiter lokalt. Det er ikkje arealkrevjande næringar som skal inn i sentrum, men handel og tenesteyting som bidrar til besøk og opplevingar mellom husa. Grendeutvalet skal nyttast aktivt i dette arbeidet.

Eit sterkt sentrum må legge til rette for møteplassar, uterom, leikeplassar og gangveggar/snarveggar/grøntstruktur. Det må utgreiast gode utrom i sentrum, men ikkje minst bygge nettverk og binde saman områda rundt og knutepunktet på Vikaneset. Planarbeidet må bidra til gode sosiale møteplassar og stimulere til nettverk for aktivitet. Det skal arrangerast ulike ideverkstadar for ulike interessegrupper.

Tettstaden Skjold skal opplevast god og trygg å bu i og besøka

Utbygginga skal skje med kvalitet og det skal planleggast for arealeffektivitet og bygga innanfrå og ut. Områdeplanen skal ikkje detaljregulere for bustadfelt og dei viktigaste bustadområda ligg utanfor planområdet, men planarbeidet må greie ut korleis bustadområda rundt blir sikra god tilgang til sentrum og knutepunktet på Vikaneset.

For å styrke dei eksisterande naturverdiane skal planarbeidet kartleggje og greie ut konsekvensar for det eksisterande naturmangfaldet, i samsvar med føringar i naturmangfaldlova §§ 8–12. Områdeplanen skal ta vare på, styrkje og supplere det eksisterande naturmangfaldet i området. Det skal vidare undersøkast korleis blågrøne løysingar kan vere ein ressurs og bidra til attraktivitet og meirverdi i opplevinga av området. Sjå elles eiga konsekvensutgreiing i samsvar med konsekvensutgreiingsforskrifta under.

Planarbeidet skal ta vare på kulturminne og kulturmiljø for å bevare Skjold sin eigenart, og som ein ressurs for reiseliv og næringsutvikling. Dette skal sikrast gjennom arealforvaltning og samarbeid med private grunneigarar og kulturmyndigheit. Sjå elles eiga konsekvensutgreiing i samsvar med konsekvensutgreiingsforskrifta under.

I Skjold skal me kunne vere aktive heile livet

Planarbeidet må legge opp til eit utstrakt samarbeid med frivillige og grendautvalet for å sikre moglegheita for å vere aktive heile livet. Ideverkstadane som er nemnd over må i særleg grad ivareta



tiltak som fremmar fysisk aktivitet og at sentrumsområda skal ha natur og turtilbod i gangavstand og søke å få til sosiale møteplassar i samarbeid med frivillige.

Viktige friluftslivsområde skal takast vare på. Vindafjord kommune har gjennomført ei omfattande friluftslivkartlegging i 2019-2020. Kartlegginga skal kontinuerleg oppdaterast og ein gjennomgang skjer også no i samband med revisjonen av kommuneplanen sin arealdel. Områda i Skjold, særleg i nærleik og i planområdet, skal reviderast i arbeidet med områdeplanen. Friluftsområda må få ei kopling mot grønkorridorar og grøntområde elles i planområdet.

Tettstaden skal ha ein berekraftig utvikling

Planframlegget skal vurderast opp mot internasjonale og nasjonale miljømål, samt kommunen sine eigne mål for miljø og klima. Det vil vere aktuelt å vurdere verkemiddel som i størst mogleg grad bidreg til å nå desse målsetjingane, inkludert tiltak for redusert bilbruk og verkemiddel knytte til plangrep og utbygging.

Det er viktig at det greiast ut kva for verksemdar som kan etablerast innanfor planområdet slik at me sikrar rett verksemd opp rett stad.

Tettstaden skal bindast saman av trygge og gode vegar og stiar

Tilrettelegging for aktiv mobilitet må inn i arbeidet med områdeplanen og prioritere gåande og syklende. Dette inneber løysingar som gjer det attraktivt å gå og sykle framfor bruk av bil. Det må planleggast for eit nettverk av grøntdrag, korridorar og offentlege uteopphaldsareal og møteplassar. Temaet tilgjenge for alle til uteområde og gang- og sykkelvegnett vil særleg fokusere på ferdsel til og frå dei to knutepunkta innafor planområdet og moglegheit for samspel med tilgrensande område. Gjennom Skjoldavik skal det vere eit særleg fokus på dei mjuke trafikantane. Regelverket for universell utforming skal følgjast. Barn og unge sine oppvekstvilkår skal vurderast med tanke på korleis utforming, avstand, føremål eller funksjon til møteplassar og offentlege tilbod samt uteopphaldsareal påverkar barn og unge. Ny barnetrakkregistrering vil vere viktig i dette arbeidet. I samband med registreringa vil det i dei aktuelle klassane vere eit opplegg for å få fram barn og unge sine opplevingar og ønskjer knytt til uteområde i bygda. Dette vil sikre at alle barn på utvalde klassetrinn for medverke direkte. Verknader skal vurderast opp mot målsettingane i kommuneplanen.

Områdeplanen skal avdekke eventuelle utfordringar med støy, og skal foreslå tiltak for å redusere den samla støyen i området.

Sjå elles konsekvensutgreiinga knytt til konsekvensutgreiingsforskrifta under.

Utgreiingar i samsvar med konsekvensutgreiingsforskrifta

Områdeplanen kjem inn under § 6 a i forskrift om konsekvensutgreiingar (KU- forskrifta) og skal utgreiast etter rammene i vedlegg II.

Kap. 5 i KU- forskrifta lister opp faktorar som kan gje vesentlege verknader for miljø og samfunn. Tabellen under er henta frå forskrifta og gir ei oversikt over tema som skal vurderast. Tabellen fungerer som ei sjekklister som viser relevante tema i planarbeidet.

TEMA	KU	Planskildring	ROS-analyse	Ikkje relevant
Naturmangfald	X			
Økosystemtenester	X			
Nasjonalt og internasjonalt fastsette miljømål		X		



Kulturminne og kulturmiljø	X			
Friluftsliv		X		
Landskap		X		
Forureining			X	
Vassmiljø jf, vassforskrifta		X		
Jordressursar (jordvern) og viktige mineralressursar		X		
Samisk natur- og kulturgrunnlag				X
Trafikk, areal og transport	X			
Beredskap ogulukkesrisiko			X	
Verknader som følge av klimaendringar; risiko ved havnivåstigning, stormflo flaum og skred			X	
Folk si helse og helsa si fordeling i befolkninga		X		
Tilgjenge for alle til uteområde og gang- og sykkelvegnett		X		
Barn og unge sine oppvekstvilkår		X		
Infrastruktur (vatn, avløp, kraftforsyning og veg)	X			
Arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet		X		

Tema i konsekvensutgreiinga

I konsekvensutgreiinga (KU) skal følgjande tema utgreiast:

Naturmangfald og økosystemtenester.

Naturmangfald og økosystemtenester vert slått saman og vil bli utgreidde samla. Økosystemtenester er gode og tenester me får frå naturen. Dei bidreg til menneska si velferd, direkte og indirekte. I denne planen vil særleg friluftsliv, rekreasjon og klimaregulering knytt til blågrøne løysingar vere viktig. Mange av aktuelle tiltak vil komme i allereie utbygde område, men det er mange eksisterande naturverdiar innafor planområdet og det skal mellom anna utgreiast ein ny veg (avlastingsvegen). Utgreiinga skal vurdere korleis planforslaget påverkar eksisterande naturmangfald og økosystemtenester, og i kva grad ein kan forsterka eksisterande kvalitetar.

Kulturminne og kulturmiljø.

Konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø skal undersøkast i konsekvensutgreiinga. Det skal bli gjort greie for korleis kulturminne og bygg eller anlegg med kulturhistorisk verdi kan bli tatt vare på. Eventuelle konsekvensar ved ny bruk skal òg utgreiast. Det vil bli lagt særleg vekt på dei prioriterte kulturminna og -miljøa i kommunedelplanen og kulturverdiane i busetnaden i Skjoldavik der det er mange sefrakidentar.

Trafikk, areal og transport.

Temaet omfattar verknader av transportløysingar vurdert opp mot mål om nullvekst i biltransport og mål om redusert utslepp av klimagassar og luftforureining. Områdeplanen sine løysingar for å prioritere gåande og syklande skal òg vurderast. I dette inngår dermed utgreiingstema infrastruktur. Temaet vil omfatte ein trafikkanalyse innanfor planområdet. Kameraløysingar og AI-baserte verktøy (GoodVision) vil nyttast for registrering og analyse av både biltrafikk, gåande og syklande.



Trafikkregistreringa blei gjennomført rett etter skulestart i 2025. Både gjennomgangstrafikk og intern trafikk vil bli vurdert særskilt i Skjoldavikvegen, der det er konflikt mellom gjennomkøyring og den eldre og tettliggjande busetnaden/historiske sentrumsstrukturen langs vegen. I dette vegpartiet skal det vere eit særleg fokus på mjuke trafikantar.

Det skal difor òg vurderast ein mogleg ny avlastingsveg, basert på trafikkgrunnlag, mogleg trasé, tekniske forhold og leveranse av linjeforslag. I samband med dette, og med grunnlag i resultatata frå trafikkanalysen, vil det bli gjort ei samla vurdering av effekten av ulike tiltak i Skjoldavik. Dette omfattar også vurdering av mogleg stenging for gjennomkøyring.

Rapporten vil innehalde trafikkfaglege vurderingar, inkludert trafiksikkerheit og trafikkavvikling for moglege tiltak i Skjoldavikvegen og for ny avlastingsveg.

Metode for konsekvensutgreiingar

Konsekvensutgreiinga inneber ein analyse av konsekvensar og verknader av planforslaget samanlikna med eit 0-alternativ. Konsekvensutgreiinga vert utløyst av KU-forskrifta. I denne planprosessen er førebels vurdering at 0-alternativet er dagens situasjon. For temaa som skal konsekvensutgreiast, skal det vurderast om planforslaget vil få negative, positive eller ingen konsekvensar samanlikna med nullalternativet. Det er ikkje gitt ei uttømmande skildring av innhaldet som skal inngå i konsekvensutgreiinga (KU), og dette kan supplerast eller justerast undervegs i planprosessen når kunnskapsgrunnlaget for dei ulike temaa vert utarbeidd.

Dei vesentlege verknadene planforslaget har for miljø og samfunn innanfor kvart tema skal skildrast og vurderast, i tråd med KU-forskrifta. Deretter skal alternativa samanstillast for å belyse samla konsekvens. Det skal òg vurderast om planforslaget er i tråd med målsetjingane og dei overordna føringane i områdeplanen.

Utgreiingane skal følgje ulike krav til metodikk. Både utgreiingane for naturmangfald og økosystemtenester og kulturminne og kulturmiljø skal gjennomførast i samsvar med handbok for konsekvensutredning av klima og miljø (Handbok M 1941).

Risiko og sårbarheitsanalyse

Følgjande tema kan vere aktuelle for utgreiing i ein risiko og sårbarheitsanalyse (ROS)

- Forureining
- Beredskap ogulukkesrisiko
- Verknader som følgje av klimaendringar; risiko ved havnivåstigning, stormflo, flaum og skred

ROS-analysen skal gjennomførast i samsvar med DSB sin rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunane si arealplanlegging». Analysen skal identifisere aktuelle sårbarheits- og risikoforhold for området og vise korleis avbøtande tiltak er sikra i planen, som til dømes i føresegner for å redusere eller avbøte desse forholda.



Organisering, planprosess og framdriftsplan

Organisering av arbeidet

Vindafjord kommune er forslagsstillar med kommunestyret som oppdragsgjevar for planarbeidet. Prosjekteigar er kommunalsjef samfunnsutvikling. Det er også oppretta ein styringsgruppe for planarbeidet som vil vere formannskapet.


Prosjektet vil bli styrt av planleggjar på rammeområdet (prosjektleiar) og det er og oppretta ei eiga prosjektgruppe som består av prosjekteigar, prosjektleiar, einingsleiar areal og forvaltning og einingsleiar kommunaltekniske tenester.

Ein områdeplan kan ikkje løyse alle utfordringar i Skjold. Det er viktig å sette tydelege rammer og prioriteringar i arbeidet. Normalt blir varsel om planoppstart og høyring av planprogram lagt ut utan politisk behandling i forkant. For å sikre politisk forankring av denne planen er det vald å ta forslag til planprogram opp til politisk behandling i forkant av høyring.

Framdriftsplan

Kommuneplan- og områdeplanprosessar tar oftast svært lang tid. I dag er gjennomsnittstida for begge desse prosessane 7 år i Noreg.

I framdriftsplanen under er det foreslått å komme fram til ein realistisk prosess med mål om vedtatt plan innan 3 år.



Medverknad og kommunikasjon

Målet er at Skjold skal få gode møteplassar med trygge vegar og stiar som bind saman tettstaden. Målet er at me samtidig skal skape eigarskap og entusiasme for ein berekraftig utvikling av bustad og sentrum. For å få til dette må planprosessen involvere alle relevante aktørar. Dette er både grunneigarar, innbyggjarar, næringsliv, grendautval og andre grupper som blir påverka av eller har interesse av dette planarbeidet. Lovpålagt medverknad i form av oppstart og høyringar kjem i tillegg.


Ein brei og inkluderande kommunikasjons- og medverknadsprosess gjennom heile planprosessen vil vere viktig for arbeidet med å oppnå områdeplanen sine målsettingar.



Medverknaden skal

- Bidra til openheit og kunnskap om planområdet, nærområda og planprosessen.
- Mobilisere og skape breitt engasjement og eigarskap rundt utviklinga innanfor planområdet.
- Bidra til at ønsker og behov hos alle relevante aktørar, ikkje minst sårbare grupper, blir identifisert og tatt omsyn til i utforming av planen.
- Sikre god forankring og kvalitetssikre plangrep i befolkninga og hos relevante grupper.

Planarbeidet vil følgje prosesskrava i plan-og bygningslova. Medverknaden er lagt opp i ulike fasar. Planprosessen kan skjematisk settast opp som under:



Medverknad og involvering er markert med gule boksar. Lovpålagte høyringar skjer ved oppstart og høyring av planprogram og etter at planforslaget er førstegangsbehandla i formannskapet. Dei større gule boksane er ulike type medverknad både i forkant og under utarbeiding av planforslaget.

Medverknad tidleg fase


Me har eit særleg fokus på medverknad i ein tidleg fase av planarbeidet for å skape engasjement og dialog med relevante grupper. Tidleg involvering/medverknad vil vere viktig i heile planperioden, fram til planforslaget blir lagt fram for politisk behandling.

Allereie i forkant av formell oppstart av planarbeidet er det gjennomført noko medverknad. Det har vore interne arbeidsseminar i kommunen for å sette dei overordna rammene for planarbeidet med aktuelle tenesteområde. I samsvar med kommuneplanen sin samfunnsdel skal det vere aktiv bruk av grendeutvala i saker som har allmenn interesse for bygda og saker som vedkjem utvikling av sentrumsfunksjonar. Som representantar for heile Skjold var det eit eige arbeidsseminar med grendautvalet for teste og kvalitetssikre dei overordna rammene for planarbeidet og grendautvalet skal nyttast aktivt i heile prosessen.



Første del av Skjoldavikvegen (Skjoldavik) har i mange år hatt dei største utfordringar knytt til trafikktryggleik. Delar av Skjoldavik er også føreslått som eit aktuelt område for sentrumsutvikling. Innbyggjarane langs denne strekninga av Skjoldavik er derfor viktig å ha ekstra fokus på med tanke på plantema, og rammene for planen har vore tema i eit eige arbeidsseminar.

Desse arbeidsseminara har vore med på å kvalitetssikre innhaldet i planprogrammet og innspela vil elles bli tatt med i det vidare arbeidet med planen.



I samband med høyring av planprogrammet vil det bli arrangert eit ope informasjonsmøte om planprogrammet, planprosess og planarbeidet.

Medverknad vidare

Når planprogrammet er vedtatt, vil det bli arrangert ulike medverknadsmøte og verkstadar i mindre og større grupper for å famne dei ulike temaa og nå viktige interessegrupper. Det er særleg viktig å nemne Rogaland fylkeskommune og Statens vegvesen knytt til veg og kryss, barn og unge knytt til mjuke trafikantar og grunneigarar og næringsliv knytt til sentrumsutvikling.

Det er aktuelt å gjennomføre fleire opne møte og ei spørjeundersøking i løpet av arbeidet med planen. Detaljert plan for medverknad må tilpassast behovet undervegs.

Det er også påpeikt i denne fasen med tidleg medverknad at jamn informasjon om arbeidet er viktig både i møte og brev/internett/sosiale media. I første omgang er det oppretta ei eigen side på Vindafjord kommune sine heimesider: [Områdeplan for Skjold - Vindafjord kommune](#)

Planprogrammet i kort versjon

Her finn du [planprogrammet](#) i kort versjon